



Tre av inspektørane i Uskedalen i dag. F.v: Sveinung Bauge, Sindre Våge og Kjetil Markhus. Frode Myklebust var ikkje med då bilete vart teke.

Statens vegvesen med fire inspektørar var i Uskedalen i dag og kontrollerte 300 køyretøy. Det vart skrive ut ei begjering, noko som er eit godt resultat. Av alle desse var det berre ein som ikkje brukte bilbelte. Ein kunne ikkje syna fram vognkortet. Målet med kontrollen i Uskedalen i dag er fokus på trafikksikkerhet og førebyggjande arbeid. Då er alt like viktig, sjølv om ein berre skal ein kjapp tur på butikken.

Av inspektørane møter vi to frå Uskedalen, Sveinung Bauge og Frode Myklebust. I tillegg er Sindre Våge og Kjetil Markhus med. Inspektørane deler på oppgåvene ved ein slik kontroll. Ein sit i skiltgjenkjenningsbilen, ein vinkar inn og to står for sjølve kontrollen. Inspektørane er kopla opp til ein sentral database som raskt svarar på om alt er i orden eller om noko manglar. Det gjeld også om det manglar betaling. Dersom ein kan gjera opp for seg på staden, er det fint. Då slepp ein avskilting.

Kontrollen i sentrum i dag vart gjort for å sjekka bruk av bilbelte, skiltgjenkjenning og dermed om alle avgifter er betalte og om EU kontrollen er gjort etter regelverket. Kontrollgruppa i Uskedalen i dag sorterer under vegstasjonen i Odda. Det vert utført slik inspeksjon om lag kvar 3. veke i Kvinnherad.

Uskedalen er ein sentral plass som høver godt for dei oppgåvene som skal gjerast. I dag var sjølv skiltgjenkjenningsbilen plassert på Brekketoppen og kontrollen var ved Gamleskulen. Bilsakkynding har ikkje ansvaret med å kontrollera fart Det er Politiet si oppgåve.

På spørsmål om dette med bruk av bilhengar og båtvogner, vert det synt til nettstaden vegvesen.no - tilhengerkalkulator. Her kan du raskt få all informasjon, også om du har løyve til å køyra med hengar slik forskriftene tilseier.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal